



INDRE AGDER OG TELEMAR AVFALLSSELSKAP IKS
Haugsjåsund 132
3855 Treungen

Sakshandsamar:
Eli Bjørnø Sjulstad

Inspeksjonsrapport

Inspeksjon ved Langmoen Avfallsanlegg - biogassanlegg

Kontrollnummer: 2023.207.I.SFVT

Kontaktpersonar ved inspeksjonen:

Frå verksemda:

Roar Karlsen
Geir Tveiten

Frå Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark:

Eli Bjørnø Sjulstad
Elisabeth Hammerli

Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten gjeld resultatet frå inspeksjon ved Langmoen avfallsanlegg den 17.04.2023. Rapporten er å sjå på som endeleg dersom vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil innan to veker etter at de har mottatt rapporten.

Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark avdekket 2 avvik og ga 3 merknader under inspeksjonen.

Avvik:

- Kompostert matavfall iblanda plast er mellombels lagra i meir enn 3 år
- Verksemda kunne ikkje leggje fram skriftlege rutinar for driftsstans av biogassanlegget.

Merknader:

- Verksemda kan forbetre si handtering av flygeavfall.
- Verksemda kan forbetre si handtering av biorest frå biogassanlegget.
- Verksemda kan forbetre si handsaming av avvatna avlaupsslam.

Avvik og merknader er nærare omtalte frå side 3 og utover i rapporten.

Oppfølginga etter inspeksjonen er nærare omtalt på side 2.

1. Informasjon om den kontrollerte verksemda

Ansvarleg eining

Namn: INDRE AGDER OG TELEMAR AVFALLSSELSKAP IKS	
Organisasjonsnr.: 977503876	Eigd av: 977500303
Bransjenr. (NACE-kode): 38.210 - Behandling og disponering av ikke-farlig avfall	

Kontrollert eining

Namn: Langmoen Avfallsanlegg - biogassanlegg	Anleggsnr.: 3822.0008.04
Kommune: Nissedal	Fylke: Vestfold og Telemark
Anleggsaktivitet: Biogassanlegg	
Løyve gitt: 24. august 2006	Sist endra: 15. mars 2017

2. Bakgrunn for inspeksjonen

Inspeksjonen vart gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav som er fastsette i eller med heimel i forureiningslova, vert overhaldne. Inspeksjonen blei gjennomført for å følgje opp melding om spesielle hendingar.

Tilsynet blei gjennomført i medhald av forureiningslova § 48.

Inspeksjonstema

- Internkontroll
- Avfall

Rapporten gjeld avvik og merknader som vart avdekka under inspeksjonen. Han gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av miljøarbeidet eller miljøstatusen til verksemda.

Definisjonar

Avvik: Manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

Merknad: Eit tilhøve som tilsynsetatane meiner det er naudsynt å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

Andre tilhøve: Saker som kom fram under inspeksjonen og som det kan vere nyttig for verksemda og sakshandsamarar å kjenne til. Informasjon om verksemda og kommentarar til tema som vart tekne opp under inspeksjonen, men som ikkje vart klassifisert som avvik eller merknader, kan også inngå her.

3. Oppfølging etter inspeksjonen

Langmoen Avfallsanlegg pliktar å rette opp avvika som er omtalte i denne rapporten så snart som råd. For at Statsforvaltaren skal kunne avslutte saka, ber vi om at Langmoen Avfallsanlegg innan 3. juli 2023 sender ei skriftleg utgreiing som viser korleis avvik er retta.

Vi ber om at de stiler svarbrev eller e-post (sfvtpost@statsforvalteren.no) til Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark v/Eli Bjørnø Sjulstad.

4. Varsel om gebyr

Statsforvaltaren varslar at vi vil fatte vedtak om gebyr for den gjennomførte kontrollen. Gebyret skal dekkje kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Gebyrsatsar for kontroll hjå verksemdar er fastsett i forureiningsforskrifta § 39-7 og 39-8. Vi varslar derfor at vi i samsvar med forvaltningslova § 16, reknar med å fastsette gebyrsats 3 for tilsyn av inntil ein dags varigheit. Dette betyr i så fall at de skal betale kr. 22 500,- i gebyr for kontrollen.

De har høve til å kome med merknadar til dette varselet, jf. § 16 i forvaltningslova. Eventuelle merknadar må sendast til Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark innan to veker etter at denne rapporten er motteken.

5. Innsyn

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Statsforvaltaren (jf. offentleglova).

6. Avvik

Vi fann følgjande avvik under inspeksjonen:

Avvik 1

Kompostert matavfall iblanda plast er mellombels lagra i meir enn 3 år.

Avvik frå:

Avfallsforskrifta kap. 9-2, 2. ledd og forureiningslova § 27, 3. ledd.

Kommentarar:

Det blei gitt merknad på manglande omsetjing av kompostert matavfall og biorest på tilsyn gjennomført av Fylkesmannen i Vestfold og Telemark i 2019.

Det ligg framleis større mengder kompostert matavfall iblanda ein del plast i ein stor haug i utkanten av anlegget. Verksemda hadde ikkje kunnskap om kor store mengder det er, og det blei opplyst at noko av dette har lege der sidan 2009. Dette er matavfall frå rankekompostering som tidlegare vart gjort ein annan stad på anlegget.

Ferdig kompostert matavfall som er klar for omsetning, og som vert omsett, kan verte rekna som eit produkt. Det komposterte matavfallet som ligg på dette anlegget er ikkje klart til omsetning grunna all plasten, og det har i tillegg lege så lenge utan å bli omsett at det er å rekne som avfall.

Det er ikkje høve til mellombels lagring av avfall i meir enn 3 år før avfallet går til handsaming eller gjenvinning utan å ha særskilt løyve til det.

Avvik 2

Verksemda kunne ikkje leggje fram skriftlege rutinar for driftsstans av biogassanlegget.

Avvik frå:

Internkontrollforskrifta § 5, 2. ledd pkt. 7

Kommentarar:

Biogassanlegget er no ute av drift grunna ein teknisk feil. Verksemda har varsla naboar skriftleg når det gjeld eventuell lukt frå anlegget, varsla kommunane dei tar imot matavfall frå om stans i mottak, og syrgja for at andre lovlege mottak for matavfall tek imot dette no. Verksemda har bufferkapasitet på eget anlegg, ein del av biogassanlegget er tømt, og dei venter på at slamsugebil skal kome for å tømme resten. Sjølv om driftsstansen er handtert godt i praksis, har ikkje verksemda etablert naudsynte skriftlege rutinar for korleis ein skal handtere ein driftsstans.

7. Merknader

Vi ga følgjande merknader under inspeksjonen:

Merknad 1

Verksemda kan forbetre si handtering av flygeavfall på området.

Kommentarar:

Det ligg forholdsvis mykje flygeavfall rundt om på anlegget, langs interne vegar og i grøfter. Verksemda bør følge løyvet og rydde opp i dette jamleg. No som snøen blir borte utover våren er det naudsynt med opprydding.

Merknad 2

Verksemda kan forbetre si handtering av biorest frå biogassanlegget.

Kommentarar:

Bioresten frå biogassanlegget blir lagt i haugar på området og blir ikkje omsett. Prosessen i biogassanlegget tilfredsstillar ikkje krava gitt i Forskrift om animalske biprodukter som ikke er beregnet på konsum (animaliebiproduktforskrifta), og Mattilsynet har gitt omsetningsforbod på bioresten.

Ved førre tilsyn med verksemda i 2019 var situasjonen den same, og det blei gitt merknad på forholdet. Biogassanlegget er ikkje i drift no, og det blir derfor ikkje produsert ny biorest. Før anlegget setjast i drift att er det viktig at verksemda har eit system for omsetting av biorest og at bioresten skal nyttast som eit produkt. Som omtala i avvik 2 er det ikkje høve til mellombels lagring av avfall i meir enn 3 år før avfallet går til handsaming eller gjenvinning utan å ha særleg løyve til det.

Merknad 3

Verksemda kan forbetre si handsaming av avvatna avlaupsslam.

Kommentarar:

Det er ein føresetnad i løyvet til handsaming av avlaupsslam at ferdig kompostert slam blir nytta som eit produkt. Slik det er no blir ikkje avvatna slam rankekompostert, men ligg i haugar i 2-3 år, og blir kanskje vendt 2-3 gongar for så å bli brukt som dekkmasse på avfallsdeponiet. Verksemda bør arbeide mot å handsama slammet slik at det blir eit produkt som kan omsettast, då behovet for tildekkingsmassar til deponiet sannsynlegvis vil bli mindre med tida.

8. Andre høve

Verksemda informerte om at det er planlagt endringar på anlegget, men det er ikkje avklart kva som skal gjerast. Statsforvaltaren gjer merksam på at verksemda må søke om endring av løyvet dersom det skal gjerast vesentlege endringar på anlegget.

9. Dokumentunderlag

Lovgrunnlaget for inspeksjonen var:

- Lov om vern mot forurensningar og om avfall (forurensningslova)
- Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta)
- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskrifta)
- Løyve til verksemd etter forureiningslova frå Statsforvaltaren